

Budsjett 2024

Psykisk helsevern
Helse Førde HF

Innhald

Samandrag	2
Føresetnader i budsjett 2024.....	2
Budsjettarbeidet vårt	2
Risiko i budsjett for 2024	5
Ramme 2024	5
Økonomi.....	6
Kostnadsutvikling	6
Aktivitetsutvikling	7
Aktivitet per avdeling	7
Bemanningsplan.....	8
Forskning.....	8
Budsjettprosess.....	9
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet	9

Samandrag

Budsjettet vårt er utarbeidd innanfor ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingane våre har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

Vi har gjennom fleire år vore nøydde til å finne rimelegare måtar å tilby pasientane våre eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2024 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2024 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart distriktpsikiatriske senter (DPS). Dette arbeidet vil halde fram i 2024. Vi planlegg med oppstart av FACT-team i Sunnfjord og Ytre Sogn i løpet av våren 2024 (FACT = fleksibel aktiv oppsøkjande behandling).

Tilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på nivå med 2023.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan vere det nivået som følgjer av fritt sjukehusval. Vi ventar at aktiviteten i eige føretak vert noko høgare enn siste år.

Føresetnader i budsjett 2024

Årsprognosen for 2023, saman med innsparingskrav frå Helse Førde, gjev grunnlaget for budsjettarbeidet for 2024. Basert på dette er kostnadsnivået tilpassa ramma for 2024.

Budsjettarbeidet vårt

Det er i budsjettet for 2024 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2024 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2024 allereie tidleg i 2023. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling, vil skje innanfor budsjetterte rammer og personellet som er tilgjengeleg.

Nordfjord psykiatrisenter (NPS)

- Det vert truleg innført ny vaktordning for legar frå årsskiftet. Dei økonomiske implikasjonane er uklåre, men vil truleg ikkje vere store.
- Vi ynskjer å tilsetje erfaringskonsulentane våre i 100 prosent stilling, noko vi førebels ikkje finn rom for i budsjettet.

- Kompetanseauke gjennom kvalifisering i prioriterte terapiformer og felles kompetanseprogram for heile personalgruppa held fram.
- Innleige av sjukepleiar frå vikarbyrå i sommarferien har vore dyrt, men svært vellukka. Vi vidarefører tiltaket også i 2024.
- Vi kan redusere innleige av overlege ytterlegare i 2024, ettersom vi har tilsett overlege i fast stilling i 2023.

Budsjettet går i balanse ved:

- Vidare reduksjon i innleige av overlege frå vikarbyrå
- Auka inntening i seksjon dag
- God planlegging og koordinering av fråvær og innleige
- Gradvis redusert belegg i seksjon døgn ventar vi vil gje mindre trong for ekstrahjelp

Med budsjettet som er lagt fram kan senteret vidareføre drifta, og det er rom for dei to nye stillingane i seksjon dag og FACT som stillingsutvalet har godkjend.

Indre Sogn psykiatrisenter (ISP)

ISP har hatt eit stort budsjettmessig overforbruk dei siste åra. Dette kan i all hovudsak knytast til behov for innleige frå vikarbyrå i samband med mangel på tilstrekkeleg psykiaterressursar og for låg kapasitet ved seksjon dag. Det økonomiske handlingsrommet er i utgangspunktet vanskeleg.

I januar 2024 blir det tilsett ein ny psykiater ved senteret. I lag med spesialist i rus og avhengigheitsmedisin har vi auka kapasiteten på legesida med to årsverk dei to siste åra.

Innsparingstiltak

- For å få eit budsjett i balanse, med styrkinga nemnt over for å unngå vikarinneleige i 2024, planlegg vi å stenge sengeposten i tre veker i juli. Pasientane vil i denne perioden bli lagt inn ved andre DPS ev. følgt opp ambulant
- Sosialkonsulentstilling blir vakant i ni månader
- Utlån/samarbeid med Sogndal kommune om 50 prosent psykologspesialist i tolv månader
- Utdanningspermisjon psykiater (utan vikar) i tre månader
- Auka polikliniske inntekter

Alle større budsjettpostar er justerte ut frå ein risiko/sårbarheitsanalyse. Erfaringstal tilseier at risikoen for avvik er stor, men innanfor det vi kan rekne som akseptabel risiko.

Det er viktig å rekruttere både spesialistar og erfarne medarbeidarar til senteret for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i senteret sitt tilbod. Leiinga skal ha spesiell merksemd på dette i høve intern kompetanseutvikling og ekstern rekruttering.

Psykiatrisk klinikk (PSK)

Avdelinga psykiatrisk klinikk held til i Dagabygget i Førde, på Tronvik og ved Sunnfjord medisinske senter (SMS) i Florø. I Dagabygget er det lukka akuttpost med øyeblikkeleg hjelp (ØH)-plikt, lukka tryggingsspost, DPS-sengepost allmenn og DPS-sengepost psykose, ambulant vaksenhabilitering og ein poliklinikk som har tilsette både i Førde og ved SMS i Florø. På Tronvik har vi regional ruspost. Psykiatrisk klinikk har ansvar for ECT-tilbodet i psykisk helsevern.

Tryggingssposten som blei etablert med tre døgnplassar dekker ikkje behovet for tryggingss plassar i Helse Førde. Regional plan for tryggingss plassar i Helse Vest er fem døgnplassar per 100 000 innbyggjarar. Ny nasjonal plan for tryggingsspsykiatri foreslår ein vekst på 15 prosent som tilseier at vi etter norm treng sju døgnplassar innan lokal tryggingsspsykiatri i Helse Førde. Tryggingssposten vår har 100 prosent belegg. Kjøp av gjesteplass kostar om lag 8,8 millionar kroner per pasient per år. Det er nasjonal mangel på tryggingss plassar og dermed svært vanskeleg å få kjøpt gjesteplassar. Vi har fleire pasientar som ventar på dom til tvunge psykisk helsevern, og som treng plass på tryggingssposten. Dersom vi ikkje får kjøpt gjesteplassar, må pasientane leggest inn på akutt døgn om det ikkje er plass på tryggingssposten. Dette har uheldige konsekvensar for behandlingssmiljøet og kapasiteten på den

einaste sengeposten vi har med ØH-plikt i psykisk helsevern. I tillegg til inneliggande pasientar har vi ansvar for ti pasientar ute i tiltak knytt til tryggingsposten vår som kan trenge opphald ved behov.

For å kunne auke tal senger til trygging treng vi auke i areal og ressursar til drift.

Psykisk helsevern i Helse Førde har færre spesialiserte sengepostar enn andre større føretak. Helse Førde har berre ein lukka sengepost (akutt døgn) utover tryggingsposten. Det gjer at alle pasientar som treng låste dører utover dei tre døgnplassane til tryggingsposten, kjem til akutt døgn. Dette er ekstra ressurskrevjande for akutt døgn med eit så stort og vidt ansvarsområde. Akuttposten som har ØH-plikt, må også ta imot pasientar på varetektssurrogat på paragraf 188 i straffeprosesslova, pasientar på paragraf 10.2 – 10.4 i helse og omsorgtenestelova, pasientar med eteforstyrning som treng lukka sengepost og psykosepasientar som treng forsterka rehabilitering. Pasientar som treng å skjermast frå kvarandre, medfører høgare bruk av personalressursar. Dette har gjeve utslag i meirforbruk på overtid og ekstrahjelp. Akutt døgn er med å bidra til at vi kan kjøpe færre gjesteplassar for tryggingspasientar som elles vil koste oss om lag kr 8,8 millionar kroner per pasient per år.

Det er planlagt med oppstart av FACT-team i 2024. Arbeidsmengda på poliklinikken blir opplevd som høg. Dette speglar seg att i dei årlege forbetningsundersøkingane der tilsette seier at dei opplever høgt arbeidspress.

Andre avdelingar i Helse Førde som kreftavdeling, fedmepoliklinikk, eldremedisinsk poliklinikk og andre somatiske avdelingar ynskjer meir bistand frå psykisk helsevern, men det er ikkje nok ressursar til dette utan at det går utover tilbodet ved psykiatrisk klinikk.

Det er vanskeleg å rekruttere spesialistar og dette kan påverke tenestetilbodet vårt. Det er difor eit viktig satsingsfelt å rekruttere og stabilisere – og utdanne eigne spesialistar. Det er blitt vanskelegare å rekruttere høgskuleutdanna, og dette kan krevje tiltak også for denne yrkesgruppa.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

PBU har høg aktivitet. Tilvisingsstraumen som vi såg etter pandemien, har minka noko siste tida, men ventetida er høg, og vi har hatt fleire fristbrot. Særleg gjeld dette Førde BUP.

Alle tre poliklinikkane (Førde, Nordfjord og Sogndal) har auka pågang av tilvisingar for utgreiing av ADHD og andre nevropsykologiske tilstandar. Dette er utgreiingar som krev særleg store ressursar, både i tidsbruk og spesialistkompetanse. Arbeidet i kommunane er ofte svært mangelfullt i desse sakene. Det er i hovudsak denne gruppa pasientar som må vente lenge for å kome til.

Poliklinikkane har hatt fokus på gjennomstrøyming av saker for å få ned ventetida for pasientane og arbeidspresset for dei tilsette. Men med dei omfattande utgreiingane som ventar på å kome til, har vi ikkje makta å få ned ventetidene, korkje ved Nordfjord BUP eller Førde BUP. PBU har lagt vekt på å gjennomføre god og forsvarleg utgreiing og behandling.

Førde BUP har framleis ikkje klart å rekruttere legar (vi manglar både LIS-ar og overlegar). Dette jobbar vi framleis med. Det er no berre seksjonsleiaren ved poliklinikken som er fast tilsett lege ved seksjonen.

Delen akuttinnleggingar ved ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) er framleis høg, samanlikna med tidlegare. Beleggsprosenten har gått ned samanlikna med i fjor. Dette er ein tendens vi ser over heile landet.

Vi held fram det nære samarbeidet med førstelinja, og har høgt fokus på å levere kvalitativt gode tenester. Vi prioriterer framleis rask vurdering ved alle poliklinikkane. Dette meiner vi er eit godt tilbod til pasientar og samarbeidspartar. Dette gjer helsetenesta meir tilgjengeleg, samstundes som vi i større grad unngår unødige innleggingar som kan vere ei stor belastning for ungdomane. I tillegg gjev dette rask tilgang til tenestene våre til dei av ungdomane som har særleg behov for rask hjelp.

Økonomiske rammer for 2024 er vidareført på same nivå som førre året. Vi er likevel urolige for dei høge ventelistene som gjer at mange som treng hjelp må vente lenge. Det høge arbeidspresset vi har

hatt over tid kan gå utover stabiliteten vi har i arbeidsstokken og gjev samstundes ei utfordring i rekrutteringsarbeidet. Som tidlegare nemnt har det vore særleg utfordrande å rekruttere legar til Førde BUP. Vi fryktar at arbeidsplassane våre blir mindre attraktive, og at vi mister kompetanse vi har opparbeidd over lang tid, slik at barn og unge risikerer å få eit redusert tilbod.

PBU i Helse Førde ligg nasjonalt sett høgt på dekningsgrad (kor stor del av barn og unge i vårt opptaksområde som får eit tilbod i PBU). Vi avviser færre saker enn dei fleste andre helseføretak. Det er ikkje grunnlag for å meine at den psykiske helsa hjå barn og unge i vårt føretak skal vere ringare enn andre stader i landet. Tilbodet til barn og unge i kommunane våre er mange stader mangelfullt, samanlikna med tilbodet i andre regionar. Det er vanskeleg å avvise saker som opplagt ikkje høyrer til spesialisthelsetenesta (til dømes lettare og moderate angst- og depresjonslidingar), når vi veit at barn og unge som slit ikkje vil få hjelpa dei treng i kommunen dei høyrer til. Vi har fokus på å stimulere førstelinja til å ta eit større ansvar for dei lette og moderate lidingane. I dei største kommunane våre jobbar dei godt med dette, men i dei mindre kommunane slit dei med å få tilsett kvalifisert personell. Dette gjev ekstra press på tenestene til PBU.

Terapeutane i PBU Helse Førde har behandlingsansvar for vesentleg fleire pasientar totalt sett samanlikna med terapeutar i andre helseføretak. Vi ligg likevel lågt på tal terapeutar per 1000 born. Det vil vere naudsynt å styrke tenesta for kunne halde fram det kvalitativt gode arbeidet vi gjer, halde på medarbeidarane våre og samstundes få ned ventetidene. Det er essensielt at vi beheld erfarne og høgt utdanna medarbeidarar, samt at vi rekrutterer nye.

Risiko i budsjett for 2024

Vi dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som vi må dekke gjennom innsparingar på andre område.

Det har vist seg at det er vanskeleg å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (psykiatrar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gje lågare inntekter enn budsjettet og bidra til auka ventetider. Tilsetting av ikkje-spesialistar gjev oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein langt høgare kostnad enn om vi klarer å rekruttere eigne tilsette.

Det er risiko for at vi igjen må kjøpe tryggingsslassar, då vi har to-fire tryggingsslassar mindre enn målet i regional plan for tryggingpsykiatri.

Innanfor psykisk helsevern for barn og unge er det risiko for at vi ikkje klarer å ta ned ventetider og redusere arbeidspress for tilsette.

Ramme 2024

Budsjettramme 2024 - PHV (tal i 1000 kroner)	
Budsjett 2023	0
Innsparingskrav, redusert budsjettramme	1 927
Prisendringar 2024	0
Budsjetttiltak 2023 - 2024	-1 927
Budsjett 2024	0

PHV forventar eit resultat i 2023 som er i tråd med budsjett.

Prisendringar (tal i 1000 kroner)	
Endra basisinntekt	-22 396
Prisauke DRG poeng	-1 718
Prisauke inntekter	-677
Lønsvekst	20 480
Endra pensjon	3 331
Prisendring varer og andre kostnader	980
Netto prisendring	0

Prisauken på inntekter dekker prisauken på kostnadene.

Budsjetttiltak (tal i 1000 kroner)		
Endring i inntekter ISP	- Auka aktivitet og utleige av psykolog til Sogndal kommune.	-1 229
Endra bemanning ISP	- Styrka legedekning ved senteret.	969
Endring i driftskostnader ISP	- Høgare kostnader til legemiddel.	269
Endring i inntekter NPS	- Auka aktivitet og ISF inntekt.	-1 937
Endra bemanning NPS	- Styrka bemanning ved poliklinikken.	995
Endring i driftskostnader NPS	- Mindre justeringar.	-15
Endring i inntekter PBU	- Bortfall av eingangstilskot og lågare aktivitet.	3 890
Endra bemanning PBU	- Redusert bemanning som følgje av bortfall av tilskot.	-1 766
Endring i driftskostnader PBU	- Auka kostnad til kompetanseheving, ambulering og møter.	148
Endring i inntekter PSK	- Auka aktivitet.	-522
Endra bemanning PSK	- Redusert innleige frå vikarbyrå.	-4 097
Endring i driftskostnader PSK	- Høgare kostnader til reiser kurs og kompetanseheving	180
Endring i inntekter ADM	- Bortfall av eingangstilskot.	455
Endra bemanning ADM	- Styrking av servicesenteret.	744
Endring i driftskostnader ADM	- Mindre justeringar	-11
Netto budsjetttiltak frå 2023 til 2024		-1 927

Økonomi

Psykisk helsevern	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024 (2023 kr.)	Budsjett 2024	Budsjettendring B23 - B24	Prisendring B23-B24	Endring %
ISF inntekter	-33 724	-39 614	-40 950	-42 668	-1 336	-1 718	3,4 %
Gjestepasient inntekter	-7 870	-8 603	-8 600	-8 959	3	-359	-0,0 %
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-9 744	-11 013	-11 180	-11 447	-167	-267	1,5 %
Basistilskudd	-446 664	-491 477	-489 550	-511 946	1 927	-22 396	-0,4 %
Øremerkede midler	-7 924	-1 694	-1 710	-1 710	-16	0	1,0 %
Andre inntekter	-5 638	-7 280	5 244	5 194	12 524	-50	-172,0 %
Sum inntekter	-511 563	-559 680	-546 746	-571 537	12 934	-24 791	-2,3 %
Varekost	7 114	5 974	6 490	6 678	516	188	8,6 %
Kjøp av helsetjenester mm	9 688	9 712	8 535	8 893	-1 177	358	-12,1 %
Lønn til fast ansatte og vikarer	287 082	323 388	310 500	325 715	-12 888	15 215	-4,0 %
Variable tillegg og overtid	24 740	17 589	18 760	19 679	1 171	919	6,7 %
Feriepenger og sosiale kostnader	134 437	150 158	149 789	157 495	-368	7 706	-0,2 %
Lønnsrefusjoner	-13 951	-13 968	-11 960	-12 546	2 008	-586	-14,4 %
Innleie av personell	19 982	10 441	8 070	8 465	-2 371	395	-22,7 %
Diverse personalkostnad	5 327	4 282	4 340	4 502	58	162	1,3 %
Reisekostnader	5 115	4 231	4 750	4 887	519	138	12,3 %
Øvrige kostnader	48 051	47 875	47 472	47 768	-402	296	-0,8 %
Sum utgifter	527 585	559 680	546 746	571 537	-12 934	24 791	-2,3 %
Totalsum	16 021	0	0	0	0	0	0

Kostnadsutvikling

Kjøp av helsetenester

Vi kjøper plassar innan psykisk helsevern og rusomsorg frå andre føretak. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval, og at vi ikkje alltid kan tilby pasienten rett behandling i vårt føretak. I 2024 legg vi til grunn at kostnadene vert på same nivå som dei siste åra.

Innleige av arbeidskraft

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2023 fordi vi ikkje har greidd å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, og legg til grunn at desse kostnadene vert lågare i 2024.

Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp

Endringa skuldast budsjettert lønsauke for 2024 og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2023.

Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring P23 til B24
Psykisk helsevern vaksne						
DRG poeng	3 377	3 594	4 604	4 710	5 300	590
Tal heildøgnsopphald	17 059	17 948	18 176	16 950	18 095	1 145
Tal utskrivne pasientar	1 066	918	927	900	1 035	135
Polikliniske konsultasjonar	23 686	22 471	25 498	24 770	26 100	1 330
TSB						
DRG poeng	380	429	449	480	480	0
Tal heildøgnsopphald	5 734	6 006	6 602	7 700	7 700	0
Tal utskrivne pasientar	186	172	226	255	255	0
Polikliniske konsultasjonar	2 687	2 526	2 528	1 920	1 960	40
Psykisk helsevern barn og unge						
DRG poeng	5 877	6 070	5 203	5 440	5 640	200
Tal heildøgnsopphald UPH	1 356	1 325	1 254	1 060	1 060	0
Tal utskrivne pasientar UPH	87	85	123	100	100	0
BUP polikliniske konsultasjonar	16 028	18 186	18 553	15 920	16 600	680

Vi ventar at aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2024 vil auke opp mot nivået vi hadde i 2021 og 2022. Vi legg til grunn at etablering av FACT-team vil auke poliklinisk aktivitet for vaksne. Det vert planlagt med høgare aktivitet i tilbodet til barn og unge enn i 2023.

Aktivitet per avdeling


Avdeling	Poliklinikk konsultasjonar					
	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring P23 til B24
PBU	16 028	18 186	18 553	15 920	16 600	680
ISP	5 801	6 186	6 511	6 300	6 600	300
RUS ISP	616	596	562	495	500	5
NPS	6 029	6 234	7 288	7 570	7 900	330
RUS NPS	458	434	485	495	500	5
PSK	11 856	10 051	11 699	10 900	11 600	700
RUS PSK	1 613	1 496	1 481	930	960	30
SUM VP	23 686	22 471	25 498	24 770	26 100	1 330
SUM RUS	2 687	2 526	2 528	1 920	1 960	40

Avdeling	Poliklinikk DRG poeng					
	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring P23 til B24
PBU	5 877	6 070	5 203	5 440	5 640	200
ISP	807	888	1 086	1 160	1 280	120
RUS ISP	91	98	104	110	110	0
NPS	839	999	1 437	1 560	1 700	140
RUS NPS	66	79	97	140	140	0
PSK	1 731	1 707	2 081	1 990	2 320	330
RUS PSK	223	252	248	230	230	0
SUM VP	3 377	3 594	4 604	4 710	5 300	590
SUM RUS	380	429	449	480	480	0

Avdeling	Heildøgn					
	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring P23 til B24
PBU	1 356	1 325	1 254	1 060	1 060	0
ISP	2 920	2 981	3 263	3 400	2 900	-500
RUS ISP	9	231	83	260	150	-110
NPS	3 239	3 697	3 661	3 700	3 500	-200
RUS NPS	1 847	1 794	2 144	2 590	2 200	-390
PSK	10 900	11 270	11 252	9 850	11 695	1 845
RUS PSK	3 878	3 981	4 375	4 850	5 350	500
SUM VP	17 059	17 948	18 176	16 950	18 095	1 145
SUM RUS	5 734	6 006	6 602	7 700	7 700	0

Avdeling	Utskrivne pasientar					
	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Oppnådd 2022	Prognose 2023	Budsjett 2024	Endring P23 til B24
UPH	87	85	123	100	100	0
ISP	105	99	110	100	130	30
RUS ISP	1	8	5	10	10	0
NPS	191	201	195	220	200	-20
RUS NPS	65	57	89	105	90	-15
PSK	770	618	622	580	705	125
RUS PSK	120	107	132	140	155	15
SUM VP	1 066	918	927	900	1 035	135
SUM RUS	186	172	226	255	255	0

Bemanningsplan



Budsjetterte brutto årsverk i 2023 er 482, mot realisert 477 i snitt dei første ti månadene i år. I 2022 planla vi med 475 brutto årsverk, mot realisert 476.

I 2024 er det budsjettert med 483 brutto årsverk.

Forsking

Psykisk helsevern held oppe satsinga på forskning og har sett av midlar til forskning i budsjett 2024 med ein liten auke i høve 2023.

Budsjettprosess

Vi har arbeidd med budsjett sidan våren 2023, og tillitsvalde og verneteneste har vore inviterte til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosessen:

- 25.05.23 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste; orientering om budsjettprosessen generelt, førebelse budsjettføresetnader og milepålar frå økonomidirektør
- 22.09.23 Klinikkråd
- 09.10.23 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste
- 20.10.23 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste
- 17.10.23 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste
- 24.10.23 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste
- 27.10.23 KAMU PHV
- 31.10.23 Informasjonsmøte med TV/VO
- 02.11.23 Klinikkråd
- 10.11.23 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.

Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet

Psykisk helsevern – PHV

Psykiatrisk klinikk – PSK

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Psykisk helsevern for barn og unge – PBU

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH

Klinikken sitt arbeidsmiljøutval – KAMU